

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.03.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune vil støtte opp under arbeidet for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på Moster.
2. Det skal etablerast eit forprosjekt som i perioden fram til sommar 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringshøve, partnerskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærare mandat for forprosjektet vert utarbeidd i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
3. Bømlo kommune skal koordinere arbeidet med jubileet fram til ei evt. anna organisering vert avgjort. Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal vere to av medlemmene i forprosjektgruppa.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til framtidig finansiering av prosjektet i budsjettsamheng.